

Galleri Milda Aukra

Vertskap Milda og Odd Kristian



Ho vart tilrådd å stille ut måleria sine på Galleri Milda og nytta sjansen når ho vart invitert. På laurdag opnar sesongens siste utstilling med kunstnaren Sonja Reite.

GUNN E. AARØNES

svkn.bjornrem@e-b.no

AUKRA: Dei har jamt over halde to utstillingar i året, Odd Kristian og Milda Varhaugvik, og laurdag opnar årets siste salsutstilling på det vakker beliggande kunstgalleriet i Bukta på Gosen.

Sommargalleri. I den raude løa, ramma inn av blomster og kunstneriske detaljar, er det berre sommaren det går an å halde ope, og sidan dei opna Galleri Milda i 2005 har dei halde 15 utstillingar.

Årets siste utstilling opnar laurdag, med sunnmørsmålar Sonja Reite frå Bygde og treskjeraren Einar Murud frå Rømerike.

—Eg vart tilrådd å stille ut her, så då Galleri Milda tok kontakt, takka eg for tilbodet og det er eg glad for. Dette er ein fantastisk plass, med estetikk frå gråsteinen på tunet til det dei harskapt både på galleriet, i hagen og inne i huset. Heilt genuint, og eg føler meg heldig som får kome hit til slik ein flott plass, med så idealistiske drivarar, skryter Sonja Reite.

Naivistisk og figurativ. Reite er utdanna ved Ålesund kunsthøgskule og hadde si første utstilling i 2001. Ho målar i akryl og skildrar sjølv kunstverka sine som litt naivistiske, illustrative og figurative.

—Eg prøver å lage bilde der folk kan skape seg ei historie. Eg merkar sjølv at eg fort får forteljingar i bilda når eg



Sterk palett. Sunnmørsmålar Sonja Reite har ein sterk palett, og historier med mange inntrykk og uttrykk. —Eg målar figurativt, og får fort ei fortel